



NYTT
FRÅ
**INSTITUTT
FOR
INFORMATIKK**



Nr. 7 13. mars 2008

GOD PÅSKE

Innhald

Publisering 2007

Nei til stilling

Seminar om rekruttering

Bergen forskningsstiftelse

Publisering 2007

NSD har no publisert offisielle tal for publikasjonar i 2007.

Publikasjonspoeng totalt:

	2004	2005	2006	2007
MN	433,6	447,4	530,3	515,6
II	79,2	74,5	92,9	82,4
II-del	18,3%	16,6%	17,5%	16,0%

	Pubpoeng pr. fagårsverk				Pubpoeng pr. førstest./postdoc			
	2004	2005	2006	2007	2004	2005	2006	2007
MN	0,9	0,9	1,0	0,9	1,7	1,6	1,9	1,8
II	1,5	1,4	1,4	1,2	2,7	2,8	3,1	2,5

På desse indikatorane ligg vi på andre plass på fakultet i 2007 (Kjemisk institutt er på topp med 1,3 og 2,9). I 2004 og 2006 var vi på topp; i 2005 var IFT på topp med 1,6 og 3,1 og II på andre plass.

II har om lag 10% av årsverka ved fakultetet i 2007 (76,1 av 754,6).

Vår nedgang i publikasjonspoeng pr. førstestilling/postdok frå 2006 til 2007 (frå 3,1 til 2,5) har to årsaker. Nedgangen på ca. 10% i publikasjonspoeng forklarar halvdelen. Resten er på grunn av auke i stillingar, dvs. mange nye prosjektpostdoktorar og denne auken er jo positiv for instituttet.

Ei anna liste som NSD har laga gir talet på publikasjonspoeng pr. førstestilling, postdoktor og forskar. På topp-femti lista har UiB fem institutt, med vitskapsteori på topp med 2,9, samfunnsmedisin og informatikk har 2,5, kjemi 2,4 og geografi 2,1. II har vore mest stabilt gode. Summert over fire år har vi 11,1, sosialmedisin 9,6, kjemi 7,8, vitskapsteori 7,4, og geografi 5,6.

Nei til stilling

Iris Antes har diverre takka nei til stillinga som professor i bioinformatik.

Seminar om rekruttering

Fakultet arrangerer 26. mars kl. 10-12 eit seminar

”Hva kan vi bidra med for å øke rekrutteringen til våre studier?”.

Eg vil oppfordra alle til å delta.

Meir informasjon: <http://uhu.uib.no/cam/>

Bergen forskningsstiftelse

Bergen forskningsstiftelse har ny utlysingsrunde: <http://www.uib.no/bfs/>

Fakultetet opplyser at dei ikkje kan setja av midlar til eigenandeler denne gongen. Sidan heller ikkje instituttet har midlar til dette, vil det ikkje bli søknader frå oss denne gongen.